



Arkivnr: 2014/1552-100  
Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.03.2019

## Utleie av tomt til fleirbrukshus til idrettslag på Voss - gnr. 54 bnr. 5

### Samandrag

Idrettslaget Voss Hang og Paraglider klubb har bedt Hordaland fylkeskommune om å få feste eit areal i fjellet over Nye Voss vgs. til fleirbrukshus for aktiviteten deira.

Fylkeskommunen nyttar ikkje arealet sjølv, og skulen er positiv til tiltaket.

For at idrettslaget skal få tippemidlar må dei ha ein festekontrakt på minimum 30 år.

Vi meiner det er naturleg med ein lav festeavgift, og har sett den til kr 5.000 pr. år.

Vedlagt er avtale om langvarig leige av grunn til fleirbrukshus og startområde for hang- og paragliderflyging. Når avtalen er signert, kan idrettslaget rekvirere oppmålingsforretning for oppretting av festenummer, som gjør at det kan tinglysast ein festekontrakt på festetomten.

Vi rår til at fylkesutvalet godkjenner vedlagt kontrakt om langvarig feste av grunn.

**Økonomi:** Leiga er lav, så dette punktet er ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Avtalen legg til rette for idretten

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagt avtale om langtidsleige av grunn.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Oversiktskart
- 2 Leigeavtale

**Fylkesrådmannen, 06.03.2019**

Voss Hang og Paraglider klubb har bedt Hordaland fylkeskommune om å få feste eit areal kor dei vil byggje eit fleirbrukshus til bruk for idretten deira.

Arealet dei vil feste, er ein del av gnr. 54 bnr. 5 og ligg i fjellet på Voss, ikkje langt fra Hangur og toppunktet for den nye gondolbanen, sjå vedlagt oversiktskart. Eigedommen er ein del av Nye Voss vgs. og skulen nyttar ikkje det aktuelle arealet. Det er heller ikkje aktuelt med annan framtidig bruk. Idrettslaget må ha en festeavtale på minimum 30 år for å motteke tippemidlar.

Skulen er positiv til tiltaket.

Bygget vil bli teikna av ein arkitekt og vert tilpassa landskapet. Det skal fungere som korttidslager, varmestue, briefinglokale ved konkurranser, tribune og samlingspunkt. Det skal tilretteleggjast for fleirbruk og vert universelt utforma. Tilkomst til bygget skjer over areal som tilhøyrar nabo.

Eigedomsavdelinga har innhenta verdivurdering frå takstmann for verdsetting av arealet, men takstmann hadde ikkje erfaring med omsetning av areal til denne type føremål. Han har laga ein verdivurdering som har tatt utgangspunkt i areal til fritidsbustad, men vi meiner den ikkje treff helt. Bergen kommune har fleire leigeavtaler med forskjellige idrettslag som gjeld klubbhus, skytebaner m.m. og har gitt oss erfaringsgrunnlag for prising av denne type avtale.

Generelt har idrettslag begrensa økonomi, og det er ikkje påreknelig med ein alternativ kommersiell utnytting av arealet, så vi har orientert oss mot same nivå som kommunen og blitt samd med klubben om ein leigepris på kr 5.000 pr. år.

Vedlagt er avtale om langtidsleige av grunn.

For at idrettslaget skal få tippemidlar må dei ha tinglyst festekontrakt, og for tinglysing av slik kontrakt er det naudsynt at kommunen opprettar festetomt med festenummer. Det må altså lages ein eigen festeavtale når kommunen har oppretta eit punkt feste for arealet. Festetomta skal omfatte bygget som blir ca. 40 kvm. med naturleg tilhøyrande areal, maksimalt 1.000 kvm. I tillegg må idrettslaget leige areal til startområde for flyging av hangglider og paraglider, som skal være opent for allmenta når laget ikkje nyttar det. Leigearealet blir totalt 5.000 inklusive festearealet til fleirbrukshuset.

Vi rår til at fylkesutvalet godkjenner vedlagt kontrakt om langvarig feste av grunn.